



Tingvoll, 2.9.2026

NVE
nve@nve.no

Tilleggsfråsegn – Høring av søknad om konsesjon og ekspropriasjon – opprusting og utviding av Aura kraftverk i Sunndal kommune i Møre og Romsdal

Dykkar ref. «Høringsuttalelse», saksnummer 202511633.

Etter synfaringa 19.8.2026 vil vi kome med nokre synspunkt i tillegg til dei vi har sendt inn tidlegare.

Sist gang vi fekk høve til å seie noko i saka var 22.1.2026. Statkraft og NVE har altså hatt 7 månader til å sjå nærare på kva vi uttalte til søknaden og konsekvensutgreiinga. No har vi fått frist til 2.9. med å kome med synspunkt til det Statkraft hadde å vise fram. Det er 14 dagar, eller 10 arbeidsdagar om ein vil.

NVE har ofte sagt at organisasjonar som Naturvernforbundet er viktig for å tilføre kvalitetar til sakshandsaminga, mellom anna faggrunnlaget som skal vere på plass etter naturmangfaldlova.

Naturvernforbundet er ein friviljug organisasjon som samlar inn pengar og brukar medlemskontingent for å kunne bidra. Mykje av arbeidet er dugnad.

I denne saka oppfattar vi Statkraft som ein ressurssterk søkjar som heile tida tenkjer økonomi, samtidig som alternative løysingar som kan vere fordelaktige for miljøet er lagt til side undervegs utan utgreiing som andre kan ta stilling til. Denne tilnærminga er lite motiverande for dugnadsinnsatsen. Systemet er slik at utbyggjar skal legge fram ein søknad med konsekvensutgreiing der det er få spørsmål igjen å avklare og alternativa er tilgjengelege for vurdering. NVE skal sjå til at det er slik, og at ein får ei grundig vurdering på samfunnet sine vegne slik at vedtaket blir rett. Eigentleg skal det ikkje vere nødvendig at Naturvernforbundet gjer stort meir enn å gå på tur.

Synfaringa – det vi såg og det vi ikkje såg

Når vi hadde så gild ein flokk som vi kunne vise bort ting til, er vi lei oss for at vi ikkje fekk vist bort steinbrotet bakom Aursjøhytta. Det er ikkje sikkert at ein treng å utbetre så mykje av gamle sår som kanskje er litt avgrensande for korleis reinen kan passere på nordenden av Aursjødammen. Men for reinen er det ein samla sum som kan vere avgjerande. Litt vilje til å sjå også detaljar vil gje eit signal om vilje og evne til å få til løysingar for reinen. Signalet kom ikkje. Det dreier seg om nokre skrentar som kan bli enklare å passere om det blir lagt noko stein litt høveleg.

Viss Aursjøhytta ikkje blir bruka før ein kjem ut i juli, vil det hjelpe endå meir. Viss ein ikkje berre skal kjøpe ut KNT slik at dei kan få ordne seg ei turisthytte ein annan stad. Då får reinen eit større areal der dei får vere i fred i langt større grad enn no.

Kraftutbygging pregar området

Då vi køyrde gjennom området, såg vi store mengde med kraftmaster, reguleringssonar på mange av vatna, vegar og hytter. Det er litt rart å tenkje på at dette er paradiset på jord for dei som har hytter i området. At desse område har vore funksjonsområde for reinen før Aura blei bygd ut er nødvendig å tenkje på.

Til slutt på dagen blei vi køyrt opp til bilvegenden ved inntaksdammen i Gaudalen. Der såg vi nesten ingenting. Ikkje så mange hundre metrane lenger opp ligg det ein dal som er rake motsetnaden til Torbudalen. Der er inngrepa i storleik sauesti. Fjella ligg rundt så ein kan oppleve at sivilisasjonen sine lyder avgrensar seg til eit jetfly i ny og ne, eit inngrep ein truleg kan rekne som reverserbart. Vi registrerte at NVE har sett dalen. Det er godt. Vi kunne gjerne ha tenkt oss å snakke med sakshandsamarane når dei var der, men det var det altså ikkje tid til. Det hadde vore bra om avisene og ein del andre kunne ha sett dalen på naturmåten og ikkje som ein digital sveip med drone. Eller kan hende ikkje. Dette er ein dal som ikkje så mange bruker og dalen har ein stor verdi nettopp fordi han ikkje blir nedtrakka av store flokkar som skal ha ei kvittering i ein app for at dei har vore der.

Sunndal kommune har ikkje så mange og store areal som ligg slik i fred, først og fremst tilgjengeleg for naturen sjølv. Denne typen areal kan ein ikkje rote bort for å spare nokre millionar.

I motsetnad til på møtet sist haust sa Statkraft noko om alternativa til inngrep i Gaudalen. Vi har ikkje sett særleg mykje dokumentasjon kring dette. Det ser ut som Statkraft reknar med at dette kan gjerast som detaljplanlegging. Det meiner Naturvernforbundet er feil.

Mellombels veg, blir dei tilbakeført til natur?

I samband med Aura I blei Aursjøvegen bygd. For den mest opphøvelege reinen hadde det vore ein fordel om i alle fall delar av vegen ikkje var der. Å grave vekk ei strekning og restaurere traseen til natur er politisk omtrent umogleg. Å stenge vegen med bom er meir enn vanskeleg nok. Presset på å få brøytta vegen tidlegare er rikeleg stort, og kommunen yter tilskot i staden for å stenge vegen.

Aursjøvegen skil seg ikkje frå så mange andre anleggsvegar som skulle vere mellombelse. Sjølv om Statkraft vil fjerne vegen, er ikkje det til hinder for at t.d. grunneigarar eller andre interesser finn det for godt å ville ha veg. Kommunen har hand om plan- og bygningslova i slike saker, og finn fort vekk ut at dei skal gje dispensasjon, kan hende også at dei krev vegen ope for allmenta. Når NVE skal vurdere saka, må dei legge til grunn konsekvensar som om denne vegen blir permanent.

At denne vegen kan byggast så inngrepa blir konsentrert til 10 meter breidde, trur vi ikkje på. Det er mykje sidebratt terreng som skal passerast. I samband med småkraftverkutbygging såg det ut til at det fort vekk var inngrep i ei breidde på 18 meter, rett nok med eit røyr i vegkanten.

Store problem knytt til nedlegging av vegar i skytefeltet på Hjerkin og nedlegging av parkeringsplass ved Spranget i Rondane er ein del av same biletet.

Synfaring av vegtrase

Frå informasjonsskriv dagsett 13.5.2026 om synfaringa:

«Informasjon til Statkraft om gjennomføring av befaringsene

Representant for Statkraft skal være godt kjent med prosjektet og tiltaksområdet. Inntak og dam, anleggsvei, rørgate, kraftstasjonsområde og andre sentrale anleggstekniske inngrep merkes i terrenget i forkant av befaringen.»

Vi spurde i tilbakemelding om synfaring om å få vite når vegen var merka. Det kom ikkje noka melding. Eit par dagar etter synfaringa verka det som stikkene var tatt inn igjen.

Vi har følgeleg ikkje sett vegtraseen slik han er vurdert å bli best no. Derimot er vi «lova» at Statkraft skal gjere sitt beste når det skal lagast ein detaljplan. Naturvernforbundet er usikre på om vi har tillit til at dette vil fungere bra for naturen.

Revisjon av bekkeinntak – vatn til Eikesdalen

Statkraft si lyst til å optimalisere bekkeinntak overraskar ikkje. Når dette delvis stel endå litt av vatnet som bør kome seg ned gjennom Eikesdalen, så minner det oss om at ein ofte, når ein er vant med å ha hand om mykje, gjerne blir utsett for at ein vil ha enno meir. Her blei det gjort feil då Aura I blei bygd. Desse feila har vore der i 70 år. Desse feila skal ein ikkje forlenge, men rette opp, så Aura II ikkje blir verande der med dei same feila for nye 70 år.

Vi seier ikkje meir om Eikesdalen no, vel vitande om at grunneigarar og andre rår over større ressursar enn oss og har sagt/vil seie meir om denne sida av saka.

I samband med utlaupet ved Hammarkaia blei det nemnt at konsulentane var varsame med å seie mykje om verknaden av store utslepp av ferskvatn og at dei uttrykker usikkerheit. Det er rett å uttrykke usikkerheit i slike høve, men ein kan ikkje bygge ein så vesentleg del på noko ein ikkje veit, sjølv om ein innrømmer det.

Eit liknande utslepp må ein rekne med for Nedre Driva kraftverk på andre sida av fjorden. Mange fleire prosjekt med auka slukeevne er aktuelle. Her blir det sumverknader som ein må få greidd ut.

Svingkammer

Inngrepa i Gaudalen er grunngjeve med å kunne regulere trykk i samband med start og stopp av produksjon. Vi forstår det slik at vatnet som er i farta i tunnelane må bremsast når ein skal stoppe kraftverket, og motsett når ein skal setje produksjonen i gang igjen. Her er det store krefter i sving. Utan gode ordningar på dette, må ein rekne med store skadar på anlegget. Spørsmålet er mellom anna kor ofte ein skal gjere dette. Dessutan finst det fleire måtar å gjere det på.

Eit svingsystem er avhengig av å ha ein tunnel ut på ein stad som ligg høgare enn inntaket. Men det finst også tekniske løysingar i form av trykkpute. Anlegget kan då ligge nær kraftstasjonen, som kan gjere det mogleg å ta ut stein nær Sunndalsøra. Teknikken har vore kjent i 50 år og det er norske anlegg som bruker dette, t.d. Driva kraftverk¹.

Dette seier Statkrafts Are Paulsen om planane i Gaudalen:

«– Grunnen til at vi søker om en løsning via Gaudalen, er at et kraftverk på denne størrelsen trenger et svingesystem. Vi har vurdert flere alternativer, blant annet tverrslag fra Viklandet, taubaneløsning fra Litldalen og luftputekammer i fjell. Flere av løsningene er ikke prøvd i Norge før, og vår vurdering er at de gir større teknisk risiko, større kostnader eller andre miljø- og landskapskonsekvenser enn en løsning via Gaudalen.»

¹ Killingtveit, Å. (red.). 2017. Utfordringer og muligheter for norsk vannkraft ved integrasjon med vind- og solkraft i Europa. En oppsummering fra HydroPEAK prosjektet. – NINA Temahefte 71. 91 s.

Dette er ikkje ferdig utgreidd.

Då Naturvernforbundet arbeidde med straumsparing for kring 20 år sidan, blei det nemnt at fjellhallar kunne fyllast med trykkluft ved overskot av straum, og tømmast når det var underskot ved at trykklufta dreiv ein turbin. Det er moglegvis eit spørsmål om ein kan regulere varierende straumbhov med trykkluftteknologi i staden for svingkammer.

Vi må berre beklage at vi ikkje kan gå nærare inn på dette. Mads Løkeland som kunne mykje om dette er ikkje blant oss lenger, men det må vere andre som kjenner til dette. Viss ein ved denne typen teknologi kan gjere svingkammeret i Gaudalen unødvendig, må ein få utgreidd dette nærare.

Kraftliner overalt

Kraftliner har verknad på så mangt. Det er heilt nødvendig at ein ser på kraftlinene i ein samanheng, så ein kan få sanert mest mogleg av dei, og bygd dei som det er behov for. Dette manglar no.

Behov for meir kraft?

Det er mogleg å tenkje seg at dei som har behov for meir kraft sett seg opp på liste. Så bygger vi ut alt som måtte vere nødvendig for at alle skulle få, anten det er å legge bekken til Jens i røyr eller å bygge vindturbin på bae sider at kongen si jakthytte. Kva skjer? 10 år seinare er det nytt mas om meir straumproduksjon. Vi har ikkje behov for meir kraft. Vi har behov for å seie nei når lysta tar oss og vi trur vi har slike behov. Det er feil at vi har behov for meir kraft, sjølv om det blei sagt mange gongar under synfaringa.

Oppsummering

Det er mykje som ikkje er godt nok utgreidd. Vi vil oppsummere ved å trekke fram 3 særleg viktige punkt. Eikesdalen må få meir vatn. Gaudalen skal vere utan inngrep og endringa av ferskvasspåverkinga av fjorden må greiast ut mykje betre.

Fleire tema er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. NVE kan ikkje gjere vedtak om ny konsesjon i denne saka, slik ho er lagt fram no.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær